

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 3. søndag i openberringstida – 18. januar 2015.

Preiketekst: Joh 4,4-26

Lesetekst I: Jes 55,1-3

Lesetekst II: Op 22,16-17

## Mannen med det levande vatnet

Jesu møte med den samaritanske kvinna ved Sykar, er ei av dei hendingar vi gjennom andaktssamling på konfirmantleir har formidla til konfirmantane våre gjennom ei rekke år – og slik sett kan eg vel sei eg har fått eit levande forhold til. Det er ein tekst og ei hending som inneheld ei rekke både interessante og sentrale element.

### Spør etter patriarkane

Jesus kjem til byen Sykar i Samaria, og set seg ned ved Jakobskjelda. Johannes fortel at den ligg ved det jordstykket som Jakob gav Josef, og som ligg ved nord-austre foten av fjellet Garisim. Sykar meiner ein er identisk med landsbyen som no heiter Askar og ligg få km nord-aust for Nablus, og nesten ein km nord for Jakobskjelda. Askar er eit arabisk ord for militærforlegning, og kan gå så langt tilbake som sjuande århundret. Jordstykket Jakob kjøpte, høyrer vi om i 1 Mos 33,19. Jos 24,32 fortel at her vart også beinrestane hans gravlagde etter at han vart ført heim frå Egypt. Den 30 m djupe brønnen som har fått namn etter Jakob, høyrer vi ikkje noko om nokon stad i GT.

Med tanke på bakgrunnen for samtalen som finn stad mellom Jesus og den samaritanske kvinna, kan vi og legge merke til at dette er like ved det gamle Sikem, der Abram slo leir då han først kom til Kana`an, og der Jakob slo seg ned etter han vende attende frå Mesopotamia, og der begge bygde altar for Herren. Det er ikkje til å undrast over at dei som budde i desse områda, kunne ha sterke grunnar for å meine at dette var ein rettare stad for tilbeding, enn Jerusalem.

### Jødiske reinleiksforskrifter

Bakgrunnen for motsetnadene mellom jødar og samaritanar, kjenner vi. Då Samaria i 721 f.Kr. vart erobra av assyrarane, vart store deler av folket deportert, og områda tvangsbefolka med folk frå andre område, slik vi kan lese i 2 Kong 17,24ff. Dette førte til eit blandingsfolk som av det øvrige jødiske folket vart rekna som ureine og difor ramma av dei strenge jødiske reinleiksforskriftene, og jødar hadde difor til vanleg ikkje omgang med samaritanar, slik Johannes kommenterer kvinna sitt spørsmål i vers 9. Difor brukte også jødar helst vegen gjennom Jordandalen mellom Judea og Galilea, og ikkje gjennom Samaria, slik Jesus gjorde denne gongen.

Om ein vil tenke denne tanken om dei jødiske reinleiksforskriftene enno litt vidare, kunne ein også undre seg på kvifor kvinna legg serleg vekt på at Jesus som jøde spør ei framand samaritansk *kvinne* om vatn: Kvinna hentar vatn åleine på høgst uvanleg tid – i den sjetten timen – midt på dagen. Den mest vanlege tida var når dagen var på hell, når sola ikkje var like stikkande. Kunne det tenkjast at ho ville finne det naturleg om den framande kunne tolka det som følgje av at ho var i ein 'urein'

menstruasjonsperiode – og ytterlegare grunn for å ikkje be henne om vatn av hennar kar?

## Eit uryddig liv

Men kven var denne kvinna? Jesus avslører at ho har eit uryddig tilhøve til menn – ho har hatt fem menn (det seiast ikkje om ho har vore gift med alle), og lever no i eit tilhøve til ein mann som ikkje er hennar. Det tyder på at ho ikkje har vore spesielt oppteken av lover og forskrifter i livet sitt. I siste del av samtalen med Jesus, blir ho likevel oppteken av reelle religiøse spørsmål, og spør etter Jesu meining om kvar det er rett å tilbe Gud. Men – er det av genuin religiøs interesse, eller ligg noko anna bak? Ho har openbert eit spent tilhøve til medborgarane i Sykar. Det er ikkje unaturleg om ho opplever at dei jamt er ute etter å 'ta henne' på grunn av hennar livsførsel. Ser ho i eit forventa svar frå Jesus, som ho etter kvart ser på som ein profet, ein sjanse til å 'ta att' med å sei til dei at Garisim ikkje er den rette staden for bøn?

## Levande vatn

Etter at kvinna har hentyda til reinleiksforkriftene som svar på Jesu spørsmål etter vatn, melder Jesus at han ikkje trur ho verkeleg kjenner desse skriftene. 'Om du kjente Guds gåve...' – Guds gåve er i judaistisk samanheng eit kjent uttrykk for Torahen, eller Guds Ord – dei heilage skriftene. Jesus gjev med dette signal om at han har meir å bidra med enn kva ho viser til med reinleiksforkriftene – og meir enn kjeldevatnet i Jakobskjelda: Han kan gje henne levande vatn. 'Levande vatn' kan tyde 'rennande vatn' eller 'friskt vatn'. Men det er også brukt som uttrykk for vatn som gjev liv, det livet som berre Gud kan gje, som i Jer 2,13, og som uttrykk for livskjelde til det fullkomne, varige livet, som i Esek 47,9. Slik brukar Jesus det fleire gonger, som i Joh 7,38-39, der han også seier direkte at han brukar det som uttrykk for Anden. Både i Joh 7 og her i samtalen med kvinna (v14), omtaler Jesus det som ei indre kjelde som bryt fram. Også i rabbinisk litteratur blir uttrykket nytta om Anden, eller om Torahen som kjelde til livet Gud gjev.

## Retts stad for bøn

Det gjer inntrykk å sjå jødiske menn og kvinner i bøn ved vestmuren i Jerusalem ved innleiinga til sabbaten fredags ettermiddagar. Mellom samaritanar og jødar var det strid om kvar det var rett å tilbe – i tempelet i Jerusalem eller på fjellet Garisim som etter 5 Mos 27,2-7 og 11,29-30 var knytt til ofring og velsigning då israelfolket kom til det lova landet etter dei førti åra i øydemarka. Men i samtalen med kvinna frå Sykar gjer Jesus det tydeleg at det er ikkje staden ein bed som avgjer. I tråd med det Jesus alt har sagt til kvinna, svarer han at det viktige er å vere fylt av Guds gåve, det levande vatnet, Anden – då skjer bøna i ånd og sanning.

Kvinn fekk nok ikkje det svaret ho hadde venta eller ønskt seg på spørsmål om rett bønestad. Kanskje det då er eit forsøk på å vike unna svaret ho fekk, ved å prøve å flytte fokus over på han som kunne gje det gyldige svaret: Messias – 'når han kjem ...' Mellom jødane var og er tanken om ein komande Messias sentral. Messias – hebraisk *masjiach* – på gresk omsett med *kristos* = ein som er salva – innvigd til Herren. Ein kunne vere salva både til profetteneste, presteneste og som konge. Forventninga om ein komande Messias knyter seg likevel serleg til løfta som vart gjevne til kong David om ein son som skulle trygge trona hans til evig tid (2 Sam 7,4-17). Mellom samaritanane hadde tanken på ein Messias sterkare tilknytning til forventninga om ein ny stor profet. Deira heilage skrifter avgrensa seg til dei fem Mosebøkene, og hadde ikkje med den jødiske kongetradisjonen. Når kvinna viser til trua på Messias, er det difor truleg løftet om den nye, store profeten i 5 Mos 18,15 ho har i tankane.

## Den levande Guds son

I vår teologiske tradisjon lever i beste velgåande ein diskusjon om Jesus vedkjente seg å vere oppfyllinga av Messiasforventninga, eller om dette er noko kyrkja har tillagt han i etterkant. Det er ikkje tvil om at Jesus ville unngå merksemd knytt til tanken om å vere den venta Messias. Men truleg var dette fordi denne forventninga i jødefolkets auge var så sterkt knytt til eit bilete av ein

nasjonal utfriar – noko Jesus på ingen måte sikta på å vere. Likevel finn vi nokre samanhengar der Jesus sjølv kan gje premissane for kven Messias er, at han heilt avgjort seier at han verkeleg er den Messias som skulle kome. Ein av desse situasjonane er her – der han altså ikkje risikerer å bli knytt til ein tanke om å vere nasjonal utfriar: Til kvinna sitt fokus på Messias, seier Jesus: ‘Det er eg, eg som snakkar med deg.’

Tilsvarande finn vi då Jesus først spurde læresveinane om kva folk sa om han, og deretter kva dei sjølv meinte om kven han var (Matt 16,13ff). Peter seier då: ‘Du er Messias, den levande Guds Son.’ Og Jesus stadfester med sitt svar at Peter har rett. Men dette skjer i ein samheng der Jesus held fram samtalen med å gjere det klart at han skulle gå til Jerusalem for å lide og døy – ei heilt annleis oppfyljing av Messiasforventninga enn det vanlege biletet. På same vis svarer Jesus stadfestande når han i avhøyr for Det høge rådet blir spurt: ‘Er du Messias, Son til Den velsigna?’ (Mark 14,61-62). Det er også interessant å sjå at Jesus sjølv på stader der han vedkjenner å vere Messias, flytter fokus vidare frå å vere ‘berre’ ein profet, - som i spørsmålet til læresveinane, der dei viser til folket sin tanke om at han var den store profeten. Men profeten folket venta på, skulle sjølv vere ein som skulle kome framfor den store dagen med utfriing, og førebu folket – han var ikkje sjølv oppfyljinga. Jesus er ikkje berre ein som førebur, han er sjølv oppfyljinga, slik han direkte seier til kvinna: ‘...visste du kven det er som bed deg om drikke, så hadde du ... - og han hadde gjeve deg levande vatn.’ Men ein som oppfyller skriftene på ein måte folket ikkje hadde tenkt.

### **Livgjevar – for alle**

I presentasjonen vår for konfirmantane av Jesu møte med den samaritanske kvinna, har vi eit hovudfokus på at Jesus er livgjevar for alle. I kva grad Jesus på førehand eventuelt visste at dette møtet ville skje, seier teksten vår ingenting om, og har ingenting å seie for vår forståing. Men Jesus viser i samtalen at han skjønner og veit heilt og fullt kven kvinna er, som kjem midt på dagen for å hente vatn. Difor er det mykje å lære av korleis Jesus møter henne.

Han viser i møtet og samtalen med henne, at hans oppdrag som Messias og livgjevar er for alle. Guds gåve, det levande vatnet, er ikkje avgrensa til å gjelde for visse stader, som Jerusalem som bønestad, - det er ikkje avgrensa til å gjelde visse folkeslag – som skulle vere reinare enn andre. Det er heller ikkje avgrensa til å gjelde menneske med livsførsel godkjend av ‘det gode selskap’. Jesus krysser alle menneskelege grenser og rekker fram det levande vatnet overalt der menneske vil ta imot. For han er alle like verdifulle og viktige.

Det må vere vår oppgåve å løfte denne bodskapen og denne gáva vidare på same vis – møte menneske med Guds gåve slik Jesus sjølv gjorde.

### **Knut Fredrik Sørheim**

Sokneprest i Masfjorden. Sentrale verv i Indremisjonsforbundet. Fritidsforkynnar for og leiar av krinsstyret for Bergen krins av DNI.

[knutfsorheim@gmail.com](mailto:knutfsorheim@gmail.com)